



Stord kommune,
Regulering, byggesak og oppmåling
Postboks 304
5401 STORD

Dato: 15.05.2014
Vår ref.: 2014/15246-4
Saksbehandlar: evataul
Dykkar ref.:

Fråsegn til planprogram og melding om oppstart av planarbeid for Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita, Stord kommune

Vi viser til brev datert 10.03.2014 om kunngjering av forslag til planprogram og melding om oppstart av planarbeid E39 Heiane – Ådland / Nordre Tveita.

Vi viser også til møte i Regionalt planforum 26.mars 2014.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Generelle planfaglege innspel

Etter plan- og bygningslova skal planprogrammet gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, medverknad, kva alternativ som vil verta vurdert og behov for utgreiingar. Forslag til planprogram for E39 gjer greie for desse tema. Vi har likevel nokre merknader til innhaldet.

Kapittel 2. Overordna føringar har med nasjonale og lokale føringar, men ikkje regionale. Relevante regionale mål og føringar bør innlemast i planprogrammet.

Regional transportplan for Hordaland vart vedtatt av fylkestinget 12.12.2012. Følgjande delmål om riksvegnettet er relevante for planarbeidet:

- Dei mest trafikkerte riksvegane, og riksvegar som er ulukkesutsette, skal ha «vegnormalstandard».
- Tiltak på riksvegar som går gjennom Bergen og ulike regionsentra, skal inkludera naudsynte tiltak for kollektivtrafikk, gang- og sykkeltrafikk, trafikksikring og miljø.
- Riksvegnettet må sikrast mot skred og framtidige effektar av klimaendringar.

Tilhøve til regionalt nivå bør nemnast når det gjeld E 39. I Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 var regional plan for fergefri E39 Akسدal – Bergen eitt av dei vedtekte planarbeida som skulle startast opp i perioden. I ettertid har regjeringa bestemt at det skal nyttast statlege kommunedelplanar for vidare planlegging av E39. Prioriteringa i planstrategien viser likevel at fylkespolitikarane i Hordaland meiner at dette planarbeidet er viktig for konkurransekraft og attraktivitet i fylket.

I samband med planarbeidet for E39 Aksdal – Bergen vil fylkeskommunen setje i gang arbeid med eit moglegheitsstudium med tekniske og økonomiske vurderingar for tilknytningar og samband på fylkesvegnett til ny E39 på strekninga mellom Os og fylkesgrensa mot Rogaland. Sak om dette arbeidet vert truleg lagt fram for samferdselsutvalet og fylkesutvalet før sommarferien.

Klimaplan for Hordaland 2010 – 2020 vart vedtatt i juni 2010. Klimaplanen er under rullering og revidert versjon 2014 - 2030 vert venteleg vedtatt i juni 2014. Den legg opp til vidareføring av vedtatt mål om at:

- Utslepp frå vegtrafikk skal reduserast med 20 % i 2020 i høve til 1991 og med 30 % innan 2030.

Kapittel 3. Krav og mål er etter vår vurdering noko uklårt. Det bør konkretiserast i større grad kva som er måla med planarbeidet.

Kapittel 6. omfattar mellom anna program for konsekvensutgreiinga. Etter vår vurdering er den svært generell og er ikkje konkretisert for dette planarbeidet. Oversikt over eksisterande utgreiingar høyrar naturleg med i planprogram-fasen.

Kapittel 7. Planprosessen er informativt. Informasjonsmøte skal gjennomførast i oppstartsfasen og ved utlegging til offentleg ettersyn. Vi forstår av oversendingsbrevet frå Stord kommune at det allereie er gjennomført informasjonsmøte. Dette er positivt.

Samferdsel

Under kapittel 3. Krav om mål i planprogrammet går det fram at det skal leggjast opp til løysingar som tek omsyn til lokalt viktige forhold ved at ein legg opp til god tilrettelegging for gåande og syklende og kollektivreisende, ...

Planen må gjere greie for korleis ein skal tilretteleggje for lokaltrafikken. Kryssløysingar er ein viktig del av dette. Utan kryss vil den nye vegen berre vere for gjennomgangstrafikk. Med fleire kryssløysingar kan vegen og få ein lokal funksjon.

Når det gjeld framtidig kollektivtransport på den nye traséen ber vi om at det vert tatt kontakt med Skys.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er kjent fleire automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, ID 124822 og ID 45540.

Eit av alternativa – alternativ 1 – er i direkte konflikt med eit automatisk freda kulturminneområde. Lokaliteten har ID 124822 i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden* og er eit busetjings/aktivitetsområde frå bronsealder - jernalder med i alt 102 påviste strukturar i form av eldstader, stolpar, veggrøfter og andre nedgravingar. Funna visar til stor aktivitet i området. Dei andre alternativa ser ut til å unngå denne lokaliteten ved å gå i tunnell under området. Ein bør så langt som råd unngå traséval som kjem i konflikt med kjende freda kulturminne.

Innanfor planområdet finn ein i tillegg ytterlegare ein automatisk freda lokalitet i form av ein gravhaug. Denne haugen har ID 45540 i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*.

Planområdet er svært stort, og det er høgt potensial for funn i store delar av området. Mellom anna er det i området kring Ådlandsvatnet potensiale for funn frå steinalder. Vi kjenner til at det har vore ein del aktivitet omkring Ådlandsvatnet i eldre tid. Det har blant anna vore tømmerfløting ned elva og ei sag på 1700-talet. Det kan derfor finnast spor i vatnet som for eksempel ei eldre oppdemming eller andre konstruksjonar. I ferskvann er det svært gode bevaringsforhold. Det vil derfor truleg bli stilt krav om vidare marinarknologiske

undersøkingar. Planområdet omfattar i tillegg store areal med dyrka mark der det kan vera stort potensiale for funn.

Me minner om undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova. Ein vil måtte pårekne arkeologiske registreringar etter § 9 i kulturminnelova på reguleringsplannivå uavhengig av kva trasealternativ som vert valgt. Dersom §9- undersøkingar i samband med utarbeiding av reguleringsplan skulle påvise nye funn av automatisk freda kulturminne, vil planen måtte reviderast eller eventuelt leggest fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova.

Det er positivt at konsekvensutgreiinga viser kulturmiljø og kulturminne som eige tema som skal utgreiast. Her er det viktig å få fram ikkje berre freda og verneverdige kulturminne, men også SEFRAK-registeret over nyare tids bygningar/ruinar bør inkluderast. I tillegg er det viktig å få fram informasjon om kulturminne som t.d. steingardar, vegar, vegfar, marine kulturminne etc. Konsekvensutgreiinga må og gjera klart greie for potensiale og avbøtande tiltak. Vi rår til at det vert gjort arkeologiske registreringar på dette nivået.

Klima og energi

Det går ikkje fram av planprogrammet at klimaverknadene av tiltaket er ein del av konsekvensutgreiinga. Etter forskrift om konsekvensutgreiingar, Vedlegg III, er klimagassutslepp ein del av utgreiingstema som skal skildrast og vurderast. Konsekvensar av auka klimagassutslepp ved fartsgrense over 90 km/h er til dømes eit punkt som bør gå fram av konsekvensutgreiinga.

Folkehelse

Korleis verknadene av ny E39 for den aktuelle strekninga verker på folkehelsa, bør også vere tema i konsekvensutgreiinga.

Friluftsliv

Alternativ 3 og 4 vil gje inngrep i Landåsen som er eit viktig friluftsområde på Stord. Her er det eit samla turvegnett på over 10 km. Korleis verknadane av ny trasé vil vere for friluftinteressene her, tilkomst og eventuelle avbøtande tiltak bør gå fram av konsekvensutgreiinga.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet vektlegg følgjande tema:

Tilhøve til kollektivtrafikk, klimautslepp, folkehelse, friluftsliv og kulturminne.

Vi rår til at planprogrammet vert utvida i høve til regionale mål og at program for konsekvensutgreiinga vert konkretisert.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vi deltek gjerne i vidare samarbeid. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Epost frå Bergen sjøfartsmuseum

Sakshandsamar:

Eva Katrine Ritland Taule, Regionalavdelinga
Nils Egil Grude, Samferdselsavdelinga
Anja Nordvik Sætre, Kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310

Statens vegvesen - Region Vest Askedalen 4